



Arkivsaknr: 2024/10451-4
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Motitech AS - Bo trygt, lenger 31/10 2024 - 30/10 2025

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Bo trygt, lenger 31/10 2024 – 30/10 2025 vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Motitech AS er eit aksjeselskap. Bransje: 62.010 Programmeringstjenester. Registrert 15.10.2013. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Motitech AS er eit velferdsteknologiselskap med kundar i åtte land og hovudkontor i Alver kommune. Selskapet står bak løysninga Motiview, ein app som motiverer eldre til fysisk aktivitet, kognitivt stimuli og sosial interaksjon, og som skaper glede, fellesskap og livskvalitet. Appen har eit bibliotek med 2300 sykkel-filmar frå 40 land, og kan brukas med ulike treningsapparat. Kundegrupper i dag er sjukeheimar, dag-/aktivitets og rehabiliteringssentera. Verksemda har 13 tilsette på fulltid og 2 tilsette på deltid.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 31. oktober 2024 og er forventa gjennomført 31. oktober 2025.

Verksemda leverer i dag tenesta Motiview som hjelper eldre og personar med demens på sjukeheim og dagsenter å bli meir aktive. Det er tilsette som betener løysinga. Men dagens organisering av helse- og omsorgstenester er under sterkt press frå

Eldrebølga og omsorgstenester må flyttast frå institusjonar til heimar. Motitech ønskjer å utvikle ei teneste som gjer at eldre beveger seg meir heime og har identifisert nokre hovudfordringar: Korleis gjere det enkelt å bruke i det daglege? Korleis komme i gang og skape gode vaner? Korleis skape meningsfulle interaksjonar med venner, familie og fellesskap? Utfordringane kan løysast med design og designmetode.

Med reformar som «Bo trygt heime» (2024-28) ønskjer det offentlege at ny teknologi skal gjere det lettare å ta ansvar for eigen aldring, kunne følgje opp på avstand og gi moglegheit for sosial interaksjon- digitalt nærvær. Dette for å redusere fare for einsemd og utanforskap med meir tid i eigen heim.

Skal reformene lykkast er det ei stor utfordring som må løysast og det er mangelen på bevegelse. Eldre får nedsett funksjon som del av naturleg aldring og vert då mindre aktive. Dette reduserer igjen funksjonsdyktigheit og fører til meir stillesitting, noko som totalt sett gir større omsorgsbehov enn heimeteneste kan levere.

Verksemda har eit eige Product/Tech team som har god erfaring med bruk av design, for eksempel design sprint og iterativ metode i produkt- og konseptutvikling. Verksemda har også utstrakt samarbeid med design byrå som underleverandør, som for eksempel Agens i Bergen. Tenesta skal utviklast i samarbeid med bransjeekspertar med designkompetanse og pilotkundar/brukarar.

Prosjektleveranse/målsetting

Motitech har mål om å lage ein teneste som gjer at eldre beveger seg meir heime. Mykje av teknologien eksisterer med det noverande Motiview-produktet og med erfaring frå sektoren har Motitech moglegheit til å spille ei viktig rolle i denne utviklinga.

Målet med prosjektet er å utvikle ein første funksjonell teknisk prototype. Motitech er ein sosial entreprenør og er dedikert til å løyse samfunnsutfordringa som eldrebølga utgjør. Lukkast verksemda med å nå målet, vil dette gi potensiale for verdiskaping i nye forretningsmodellar og opne opp nye viktige marknader for verksemda.

I designfasen vil ein gjennomføre ein serie eksperiment som ein testar heime hjå 10-20 pilotbrukarar. For å få svar på eksperimenta, vil ein gjennomføre intervju av brukarar, brukarundersøking, heimebesøk og brukartesting av enkle prototypar. Prototypen vil gjentakast fram til ein har ein funksjonell prototype.

Brukarar er

1. seniorar som ønsker å ta ansvar for eigen aldring
2. seniorar som har erfart eit funksjonsfall og ønsker sjølv å bidra til å bu trygt heime så lenge som mogleg.
3. pårørande som ønskjer å bli del av det "nye støtteapparatet" for helse og omsorgstenester som baserer seg på tenester levert heime i staden for på sjukeheim/sjukehus
4. helse- og omsorgspersonell, på grunn av sin ekspertkompetanse

Motitech ønskjer å ta ein posisjon i denne nye marknaden både i dei åtte landa ein opererer i dag og i fleire land i framtida, og prosjektet vil derfor ha fokus på internasjonal høg innovasjonsgrad i samarbeidet mellom heim og omsorg. Det er lite velferdsteknologi som vert utvikla i dag med bruk av design som metode. Motitech sin innfallsvinkel med å involvere brukarar i skjæringsfeltet mellom å bu heime og i institusjon er dermed nyskapande. For samfunnet betyr det at ein kan unngå kostnader, spare tid og auke kvaliteten i både tenester for fysisk aktivitet, kognitive stimuli og sosialt engasjement, og gi livsglede, meining og meistring for brukar og pårørnde.

Verksemda legger vekt på at kunnskap ein oppnår i prosjektet er relevant og anvendeleg for andre og vidare utvikling. Prosjektet har verdi for fleire aktørar enn berre dei som er direkte involvert då gjeld nye bidrag til ei global utfordring. Resultata og særleg designprosessane i prosjektet, skal vere anvendelege, til nytte og til inspirasjon for andre.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Bo trygt, lenger 31/10 20214 – 30/10 2025	1 400 000	400 000	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Motitech ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å skape ytterlegare utvikling og vekst i selskapet og gjeld i hovudsak støtte til utvikling av ein første funksjonell teknisk prototype for ei ny teknologisk teneste som skal gjere det mogeleg for eldre å bevege seg meir heime. Denne teneste kan bidra til at eldre kan bu trygt heime så lenge som mogeleg. Utvikling av ny teknologi og nye tenester kan bidra til at verksemda når nye markadar og dermed skaper utvikling og vidare vekst i verksemda.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Motitech viser til for å utvikle nye tenester utover dei tenestene verksemda leverer i dag, fokuset verksemda har på å løyse samfunnsutfordringar eldrebølgga medfører og den delingskulturen verksemda ønskjer å bidra til for å løyse store globale spørsmål innan helse.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til nyskaping og tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap. Videre vil prosjektet bidra til fleire arbeidsplassar i Alver og er slik med å sikre berekraftig næringsutvikling i kommunen.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjektet Bo trygt, lenger 31/10 20214 – 30/10 vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad 2024-0034
- 2 Vedlegg søknad næringsfond 2024